



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 02.05.2019 kl. 15:15
Stad: ASKVOLL

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Reidar Andreas Knapstad	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Else Stølen	Medlem
Arne Martin Tjugum	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Terje Mork	Medlem
Haldis Rørvik	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Arne Fedøy	Medlem

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Saksh.
SR 2019/24		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2019	ZIENER
SR 2019/25		Godkjenning av innkalling og dagsorden	ZIENER
SR 2019/26		Skriv, meldingar og drøftingar	ZIENER
SR 2019/27		Kyrkjevalet 2019. Godkjenning av kandidatliste	ZIENER
SR 2019/28		Kyrkjevalet 2019. Fastsetjing av tider og stader for førehandsstemming og valtinget og oppnemning av stemmemottakarar til førehandsstemminga.	ZIENER
SR 2019/29		Offerliste mai-september 2019	ZIENER
FR 2019/30		Holmedal kyrkje - tilstandsvurdering av orgelet i og restaurasjon av klokkeoppheg	ZIENER

Askvoll, 02.05.2019

Ref.
Rune Ziener

SR 2019/24 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.03.2019

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 26.03.2019 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 26.03.2019 som den ligg føre.

SR 2019/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SR 2019/26 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjandeskriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2019/10 Husbanken: Rentekompensasjon til kirkebygg (25.03.2019)
- M 2019/11 Holmedal Hestetrygdslag: Gåve til Holmedal kyrkje sine musikkinstrumenter (09.04.2019)
- M 2019/12 Drøfting: Korleis vil vi ha trusopplæringa framover?
- M 2019/13 Drøfting: Askvoll kyrkje drøfting om bygget (inventar, utstyr, m.v.)
- M 2019/14 Innsettingsgudstenesta 18. august
- M 2019/15 Klage på Stongfjorden gravplass
- M 2019/16 Askvoll kyrkjelydsutval: Referat frå møte 25. april 2019
- M 2019/17 KNIF Trygghet Forsikring AS: Støtte til kirkesikring 2019 (02.05.2019)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SR 2019/27 Kyrkjevalet 2019. Godkjenning av kandidatliste

UTGREIING

Etter valreglene § 7-1 (1) er frist for innsending av kandidatliste til soknerådsvalet 30.04.2019 kl. 12:00.

Pr. 25. april har det komme inn éi liste (frå soknerådet sin nominasjonskomité).

Etter valreglene § 7-5 (2) skal valstyret innan 5. mai i valåret avgjere om innkomne lister kan godkjennast.

Kyrkjeverja har undersøkt om nominasjonskomitéens liste stettar dei formelle krava, og skal såleis verte godkjent.

Nominasjonskomitéen si liste

1	Jostein Gryte	1953	Kvammen
2	Wenche Ness Gabrielsen	1956	Askvoll
3	Terje Mork	1960	Holmedal
4	Jarle Magnus Vilnes	1956	Atløy
5	Eva Iren Landøy	1971	Værlandet
6	Stine Solheim Rørvik	1989	Askvoll
7	Stian Lykkebø	1976	Kvammen
8	Karen Anny Espedal	1954	Holmedal
9	Ole Kistrup Vilnes	1973	Atløy
10	Vidar Kaland	1966	Askvoll
11	Solfrid Løvik Hellevang	1963	Kvammen
12	Ingvild Loftheim	1950	Askvoll
13	Petter Jonny Rivedal	1960	Holmedal
14	Lillian Oddekalv Gjervik	1955	Atløy
15	Arnt Johnny Langeland	1949	Askvoll
16	Egil Helge Tjønneland	1954	Kvammen
17	Kari Larsen Stang	1968	Stongfjorden
18	Bjørn Arne Mjåseth	1966	Atløy
19	Sissel Hege Iglund	1969	Askvoll

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner den innkomne kandidatlista til soknerådsvalet 2019.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner den innkomne kandidatlista til soknerådsvalet 2019.

SR 2019/28 Kyrkjevalet 2019. Fastsetjing av tider og stader for førehandsstemming og valtinget og oppnemning av stemmemottakarar til førehandsstemminga.

UTGREIING

1. Tider og stader for førehandsstemminga

Etter valreglene § 9 -1(1) skal førehandsstemminga skje i perioden 10. august til fredagen før valdagen, altså til 6. september.

Førehandsstemminga skal som minimum skje på eitt kyrkjekontor i ordinær opningstid, men ein bør legge til rette for at førehandsstemming og kan skje på kveldstid. I tillegg bør det leggest til rette for at førehandsstemming kan skje på institusjonar geografisk plassert i soknet.

Nytt ved valreglene (sjå § 9-1(7) er at det ved valet i 2019 alltid skal vere to stemmemottakarar til stades ved mottak av førehandsstemmer. Dette fører til at det vil vere meir krevjande å ha lange opningstider.

Det er eit generelt krav til lokala der førehandsstemming skal skje, at veljarane skal kunne ta seg inn i vallokalet utan hjelp (sjå § 9-3(1)). Askvoll kyrkjekontor stettar ikkje dette kravet, då det ikkje er mogleg å komme til lokalet t.d. i rullestol. Etter 3. ledd kan valstyret legge til rette for at veljar som p.g.a. sjukdom eller uførheit ikkje kan førehandsstemme i dei ordinære vallokala, etter søknad, kan få stemme der dei oppheld seg, og fristen for søknad skal vere mellom siste tysdagen og fredagen før valdagen. Dersom valstyret vel å leggje til rette for slik stemmegiving, skal fristen kunngjerast.

Vurdering

Grunna bemanninga i kyrkjeadministrasjonen, er det normalt minst to tilsette til stades berre mandagar, tysdagar og torsdagar. Ein bør avgrense førehandsstemminga på kontoret til desse tre vekedagane, t.d. til kl. 10.00-12.00 og kl. 14.00-15.00. At ein ikkje held ope heile dagane, gjer at ein då ikkje er låst når det gjeld gjeremål utanfor kontoret.

Ein bør leggje til rette for stemmegjeving utanom normal arbeidstid. Kommunen sitt valstyre har vedteke at det skal vere førehandsstemming på Askvoll rådhus lørdagane 10. august og 31. august kl. 11:00-14:00. Ein kan leggje opp til førehandsstemming samtidig med kommunen, eller ein kan vurdere eigne ekstra opningstider på kyrkjekontoret.

Ein bør ha førehandsstemming ein dag på Askvollheimen på dagtid. Ved valet 2015 var kyrkjeadministrasjonen der to timar ein formiddag og tok imot førehandsstemmer. Ein vil prøve å få til førehandsstemming her onsdag 4. september kl. 10:30-11:30, samtidig med kommune- og fylkestingsvalet.

Førehandsstemming i heimen el.l. etter § 9-3(3) har ein ikkje tidlegare lagt til rette for

ved kyrkjevalet i Askvoll.

2. Tider og stader for valtinget

Etter valreglene § 10-1(1) skal kyrkjevalet skje "samtidig med og i lokaler i umiddelbar nærhet av valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre".

Videre skal etter § 10-2 valstyret bestemme "hvor stemmegivningen skal foregå. Stemmegivningen skal foregå i egnet og tilgjengeleg lokale. Velgerne skal kunne ta seg inn i valglokalene uten hjelp. (...) Det skal ikke benyttes samme rom som det andre samtidig pågående offentlige valget benytter. Kommunens stemmekretser skal følges.»

Askvoll kommune har fastsett følgjande stemmekrinsar, stemmestader og stemmetider:

Stemmekrins	Stemmestad	Stemmetid
Bulandet og Værlandet	Bulandet skule	Kl. 13:00-18:00
Atløy	Atløy Kulturhus	Kl. 13:00-18:00
Askvoll	Askvoll rådhus	Kl. 09:00-19:00
Holmedal	Holmedal bygdehus	Kl. 09:00-18:00
Stongfjorden	Stongfjorden grendahus	Kl. 13:00-18:00
Gjelsvik	Gjelsvik skule	Kl. 13:00-18:00

3. Oppnemning av stemmemottakarar

Etter valreglene § 9-2 oppnemner valstyret mottakarar til førehandsstemminga. Kandidatar på vallistene kan oppnemnast som stemmemottakar i vedkommande sokn/bispedømme.

I og med at det no er obligatorisk at det alltid skal vere minst to stemmemottakarar til stades etter valreglene § 9-1 (7), bør ein ha nokre eventuelle stemmemottakarar som kan tre inn ved fråver.

Vurdering

I det minste bør dei tilsette i kyrkjeadministrasjonen, som er til stades på kyrkjekontoret i førehandsstemmeperioden, verte oppnemnt. I tillegg kan ein oppnemne eit par frå soknerådet, som kan tre inn ved eventuelt fråver, og/eller ved førehandsstemming utanfor kontortid.

Det er sett frist til **01.06.2019** for at opplysningar om tider og stader for valtinget og førehandsstemminga skel vere lagt inn i Medlemsregisteret sin valmodul. Desse opplysningane vert med på dei sentralt utsende valkorta.

Det vil verte eit møte mellom valstyresekretærene for kommunalt og kyrkjeleg valstyre, men dato for dette er pr. 25.04 ikkje sett. Om det skulle komme fram endringar i planane i dette

møtet, bør leiar i valstyret ha fullmakt til å føreta justeringar i planane.

INNSTILLING

1. Valtinget for kyrkjevalet 2019 skjer samtidig med og i lokale nær/eller i umiddelbar tilknytning til vallokala for kommune- og fylkestingsvalet.

Stemmekrins	Stemmestad	Stemmetid
Bulandet og Værlandet	Bulandet skule	Kl. 13:00-18:00
Atløy	Atløy Kulturhus	Kl. 13:00-18:00
Askvoll	Askvoll rådhus	Kl. 09:00-19:00
Holmedal	Holmedal bygdehus	Kl. 09:00-18:00
Stongfjorden	Stongfjorden grendahus	Kl. 13:00-18:00
Gjelsvik	Gjelsvik skule	Kl. 13:00-18:00

2. Førehandsstemminga til kyrkjevalet skjer i perioden 10. august til 6. september på Askvoll kyrkjekontor til desse tidene:

- a) Måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00-12:00 og 14:00-15:00.
- b) I tillegg vert det førehandsstemming på Askvoll rådhus lørdagane 10. august og 31. august kl. 11:00-14:00.
- c) Førehandsstemming på Askvollheimen vert onsdag 4. september kl. 10:30-11:30.

3. Leiar i valstyret har fullmakt til å føreta justeringar og detaljavklaringar i forhold til vallokala med kommunen sitt valstyre.

4. Valstyret oppnemner følgjande personar til å kunne ta imot førehandsstemmer:

- a) Marit Veberg Ask
- b) Rune Ziener
- c) Ingvild Loftheim
- d) xx

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet om vedtakspunkt 4 d):

Administrasjonen har fullmakt til å supplere lista med ein fjerde stemmemottakar for førehandsstemmer.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valtinget for kyrkjevalet 2019 skjer samtidig med og i lokale nær/eller i umiddelbar tilknytning til vallokala for kommune- og fylkestingsvalet.

Stemmekrins	Stemmestad	Stemmetid
Bulandet og Værlandet	Bulandet skule	Kl. 13:00-18:00
Atløy	Atløy Kulturhus	Kl. 13:00-18:00
Askvoll	Askvoll rådhus	Kl. 09:00-19:00
Holmedal	Holmedal bygdehus	Kl. 09:00-18:00
Stongfjorden	Stongfjorden grendahus	Kl. 13:00-18:00
Gjelsvik	Gjelsvik skule	Kl. 13:00-18:00

2. Førhandsstemminga til kyrkjevalet skjer i perioden 10. august til 6. september på Askvoll kyrkjekontor til desse tidene:

- a) Måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00-12:00 og 14:00-15:00.
- b) I tillegg vert det førhandsstemming på Askvoll rådhus lørdagane 10. august og 31. august kl. 11:00-14:00.
- c) Førhandsstemming på Askvollheimen vert onsdag 4. september kl. 10:30-11:30.

3. Leiar i valstyret har fullmakt til å føreta justeringar og detaljavrklaringar i forhold til vallokala med kommunen sitt valstyre.

4. Valstyret oppnemner følgjande personar til å kunne ta imot førhandsstemmer:

- a) Marit Veberg Ask
- b) Rune Ziener
- c) Ingvild Loftheim
- d) Administrasjonen har fullmakt til å supplere lista med ein fjerde stemmemottakar for førhandsstemmer.

SR 2019/29 Offerliste mai-september 2019

UTGREIING

Gudstenesteplan t.o.m. september 2019 er lagt.

Lista må kompletterast med offerformål.

I lista er sett inn førebels innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala, samt allereie vedtekne offerformål (i feit skrift).

Ytterlegare forslag vert innarbeidd etter kvart som dei kjem inn.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Andre oppgaver	Offerformål
Askvoll kyrkje	05.05.2019	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudst.	Konfirmasjon	Institutt for sjelesorg. Modum Bad
Askvoll kyrkje	17.05.2019	10:00	Fredag	Gudsteneste		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	09.06.2019	12:00	Søndag	Gudsteneste		Søndagsskuleforbundet Region Bergen
Askvoll kyrkje	30.06.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	14.07.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	28.07.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		Ungdomsklubben Bedehuset Holmedal
Askvoll kyrkje	18.08.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Innsetting ny sokneprest	Kyrkjelydsabeidet
Askvoll kyrkje	25.08.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	15.09.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Konf. pres. og 4 og 6-års bok	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	29.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		Leger uten grenser
Bulandet kapell	25.05.2019	12:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudst.	Konfirmasjon	Værlandet bedehuskapell
Bulandet kapell	16.06.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste		Kirkens SOS
Bulandet kapell	14.07.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste		Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	04.08.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste		Kirkens Bymisjon i Bergen
Bulandet kapell	08.09.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste	Konf. pres. og 4 og 6-års bok	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	17.05.2019	11:15	Fredag	Gudsteneste		Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	02.06.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		Sjømannskyrkja. Norsk kyrkje i utlandet
Holmedal kyrkje	07.07.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	04.08.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	01.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Konf. pres. og 4 og 6-års bok	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	26.05.2019	12:00	Søndag	Konfirmasjonsgudst.		Kyrkjelydsarbeid

Kvammen kapell	02.06.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		
Kvammen kapell	07.07.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		
Kvammen kapell	01.09.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Konf. pres. og 4 og 6-års bok	
Stongfjorden kapell	26.05.2019	10:00	Søndag	Konfirmasjonsgudst.	Konfirmasjon	Stongfjorden bedehuskapell
Vilnes kyrkje	11.05.2019	11:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudst.	Konfirmasjon	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	30.06.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		Det Norske Misjonsselskap
Vilnes kyrkje	28.07.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjebladet
Vilnes kyrkje	25.08.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydsarbeidet
Vilnes kyrkje	15.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Konf. pres. og 4 og 6-års bok	Skilbrei Ungdomssenter

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

Sidan det ikkje låg føre forslag frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen til offerføremål for heile perioden, vart det sett fram eit forlag om slikt vedtakspunkt 2:

Kyrkjelydsutvalet i Kvammen får fullmakt til å komplettere offerlista ut september månad.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

2. Kyrkjelydsutvalet i Kvammen får fullmakt til å komplettere offerlista ut september månad.

FR 2019/30 Holmedal kyrkje - tilstandsvurdering av orgelet i og restaurasjon av klokkeoppheng

UTGREIING

I samband med gåva på kr 675.000,- til orgelet og kyrkjeklokkene i Holmedal kyrkje, er det avtalt med gjevar at ein vil så snart som mogleg føreta ei tilstandsvurdering av orgelet i Holmedal, samt eventuelle heilt nødvendige reparasjonar.

Vidare er det avtalt at ein snarast bør få nytt oppheng/kolbelær til kyrkjeklokkene i Holmedal. Eksisterande oppheng er i tilstandsrapport på klokkene i 2016 tilrådd utskifta.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd får utført tilstandsvurdering, og eventuelle nødvendige, mindre reparasjonar på orgelet i Holmedal, samt utskifting av opphenget på dei gamle kyrkjeklokkene i Holmedal kyrkje.
2. Dette vert finansiert med fondsmidlar frå nytt fond: Claus Jensen og kyrkjeklokker – Holmedal instrumenter.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd får utført tilstandsvurdering, og eventuelle nødvendige, mindre reparasjonar på orgelet i Holmedal, samt utskifting av opphenget på dei gamle kyrkjeklokkene i Holmedal kyrkje.
2. Dette vert finansiert med fondsmidlar frå nytt fond: Claus Jensen og kyrkjeklokker – Holmedal instrumenter.